



Paul Are, her med gevær og den første utandørs-skiva si, har litt av ein panoramautsikt frå heimen på Flatholm. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Paul Are Ljosnes er framleis berre 19 år, men no er den lovande skyttaren som bur på Flatholm i Uskedalen klar for sitt landsskyttarstemne nummer seks. Det går i Førde frå laurdag 26. juli til laurdag 2. august.

Paul Are debuterte som landsskyttarstemnedeltakar i 2002 på Os og sidan har han vore med på Oppdal, Sandnes, Lesja og i Steinkjer.

Det er tre aktive skyttarar som er busette i Uskedalen – dei to andre er Frank Vik og Håvard S. Eik. Alle er med i Omvikdalen Skyttarlag.

- Og kva er ambisjonane dine i Førde – er det kongelaget, Paul Are?

- Det vil vera å stila for høgt – førebels. Målet mitt er å skyta 235 medan eg nok treng 244 for å koma med i kongelaget, svarar ein nøktern uskedeling som no er inne i det tredje året sitt som seniorskyttar...

Han skal som tradisjonen tilseier ha med både far og mor til Førde – dei er levande interesserte i den sunne fritidssyssele til sonen. Mor Eva har gått så langt som til å kjøpa gevær sjølv og deltek i det ho kallar "kosestemner".

Ellers har ho vore hovudsponsor for sonen i alle år, men no klarar han seg stort sett sjølv. Ho går med på at det er ein heller dyr hobby, men ein treng ikkje å kjøpa alt på ein gong. Og ho legg til: - Det er er dyrara å henta inn ungdommane frå gata!

For Paul Are starta skyttar-livet sitt på ein litt spesiell måte for då han var liten var han rett og slett livredd alt som hadde med skyting å gjera utan at han kan seia kvifor. Faren hadde HV-geværet sitt i klesskåpet på soverommet og det ville sonen aldri opna. Men då Paul Are var 10 skaut han med luftgevær i gymsalen på skulen i Omvikdalen – og dermed var det gjort!

I 2001 eller 2002 skaut han for første gong utandørs på Midthølen – med geværet til Bjarne Seberg. Den skiva har han i glas og ramme og ho viser at debutanten skaut 345. Det første stemnet som han vann i si klasse var med kaliber 22 (salong-gevær) innandørs på Husnes der resultatet vart 235.

Eit stemne som Paul Are hugsar spesielt godt var Suldal-stemnet i 2005, for då skaut han fullt hus med 350 og det har han ikkje kopiert sidan. Men han har vore ein fattig millimeter unna seks gonger. Den siste millimeteren sit langt inne!

Paul Are svarar spontant "miljøet" når uskedalen.no spør kvifor han er skyttar og supplert av mora utdjupar han

temaet:

- Ein er alltid velkommen i skyttar-miljøet. Det er ein sport for alle der ingen blir sittande på benken, som i fotball. Alle tek vare på kvarandre. Når ein kjem på landsskyttarstemnet og treff folk igjen etter eitt år er det som om ein skulle hatt kontakt med dei heile livet. Og ein blir slett ikkje mobba hvis ein skyt ein dårleg serie – det kjem heller oppmuntrande ord. Sjølv når ein ligg nede og skal fyra laus kjem det gode råd. Konklusjonen blir at det gode miljøet betyr like mykje som prestasjonane.
- Du deltek også i skogsløp med skyting?
- Det er berre for moro skyld, eg klarar ikkje kombinasjonen. Eg blir så skjelven når eg har sprunge at eg skyt dårleg!

Til dagleg er Paul Are den einaste mekanikarlæringen ved Dimmelsvik Bil og han kan ikkje få fullrost miljøet der heller. Fagbrevet får han i august og han skal halda fram same staden. Paul Are får tid til så mykje – på fritida mekkar han bil oppe i dalen saman med ein kompis og han har også ein eigen "flåte" bestående av ein BMW og ein Chevrolet jeep å bryna seg på!

Av Ola Matti Mathisen



Paul Are Ljosnes og Frank Vik – to av dei tre aktive skyttarane i Uskedalen – saman med Magne Vollheim junior. (Foto: innsida.no)